



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Britt Solheim, 5557 2334

## Oversending av klage på forureining frå separat avløpsanlegg

Vi viser til melding i e-post 19. juli 2022 frå Synneve Lauvås med klage på forureining i sjø frå utslepp frå avløpsanlegg med slamavskiljar som reinseløysing på gnr. 116, bnr.79 på Lauvås i Alver kommune.

Klagen det er vist til i e-posten blei sendt til Alver kommune for snart eit år sidan. Fordi kommunen ikkje har svart på klagen, er Statsforvaltaren blitt kontakta.

Slik vi ser det, gjeld saka avløpsanlegg som er regulert etter forureiningsforskrifta kapittel 12.

Alver kommune er forureiningsmynde og skal etter § 48 i forureiningslova føre tilsyn med den alminnelege forureinings situasjonen og med forureining frå enkeltkjelder.

Vi sender klagen til Alver kommune som rette instans for handsaming. Vi ønskjer å bli orientert om kommunens saksgang.

Med helsing

Anette Heggøy  
overingeniør

Britt Solheim  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Synneve Marie Lauvås

Birkebeinergaten 1

5003

Bergen